



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 605

Sak nr 9/2020

Møtedato: 11.2.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S605, Grønsenn – søknad om beiteareal

Synnøve Onstad Hjelle søker i brev datert 31.1.20 om tilleggsjord i Grønsenn.

Søknad om tilleggsjord i Grønnsenn

På grunn av lite eid jord, ønsker jeg å søke om tilleggsjord i Grønnsenn.

Arealet som ønskes er "trekanten" mellom Jaslangvegen og Grønnsennvegen, og som grenser mot 94 /11602 (Margit Bratvold) og 94 /1 / 650 (Petter Koren). Dette arealet er merket rødt på vedlegg 2.


Dette arealet er delt i to. Det ene skiftet- 94 /1 / 1168, er 15,6 daa og klassifiseres som "annet markslag" på gårdskartet til NTBIO, se vedlegg 1.

Den andre delen av arealet har tidligere tilhørt 94 / 1 / 627 (Kenneth Einang). Noe av dette arealet klassifiseres som innmarksbeite, resten klassifiseres som "annet markslag" i NIBIO sitt gårds kart, se vedlegg 1.

Totalt utgjør arealet ca. 28daa.

Arealet er gjengrodd. På grunn av ulendt terreng, samt flere store steiner, er arealet lite egnet for maskinell rydding. Jeg ønsker derfor å kjøpe griser sommeren 2020, som kan arbeide med jorda. I tillegg skal jeg rydde arealet med steinsvans, motorsag m.m.

Arealet vil bli gjerdet inn med sauenetting, og målet er at det kan brukes som beite for ammekuene og ungdyra mine.



Areal som tidlegare høyde til Einang S627 (areal av S627 ovanfor Grønnsennvegen), vart lagt i det fri av stølsbrukaren i 2002, jf. sak 17/2002. Erstatningsareal mot sør/søraust opplyste Einang seinare at det ikkje var aktuelt å ta i bruk.

Delen av omsøkt areal opp mot Jaslangvegen vart i 2008 vist som beite til S602 (94/1/1168), men er ikkje teke i bruk. Arealet har derfor forfalle i det fri.

Utvising av beite er regulert i stølsforskrift §5:

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjeterbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjeterbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjeterbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal legge saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjeterbu, og fastset dei nærmare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjeterbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i

bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerala kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føreseggnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

Landbruksavdelinga har stadfesta at søkjaren har behov for meir beiteareal.

Overføring av støl og tilleggsjord kan gjerast utan å be Statskog og kommunen om uttale. Tilsvarande må gjelde ved overføring av beite. Sidan arealet tidlegare har vore vist er det heller ikkje nødvendig å leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

Det står att eit lite areal mellom tidlegare del av S627 og F1168, som ikkje har vore vist ut tidlegare. Mindre grensjusteringar har ein avtale med Statskog å kunne gjennomføre utan full søknadsprosedyre. Det vil uansett vera ein stor fordel om at det blir eit samanhengande gjerde, slik at denne trekanten ikkje blir ei felle for beitedyr.

Det går ein veg gjennom det arealet som det er søkt om. S650 bruker denne vegen medan stølshus midlertidig var plassert øvst på jordet. Alle stølshusa er no plassert nedst på jordet og det kan ikkje vera behov for veg her. S602 kan ha behov for å bruke vegen som avlingsveg.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å vise ut det arealet som det er søkt om til beite for S605 jf. §5 i stølsforskrift. Bruk av ev. vegrett som ligg på arealet, skal sikrast ved å lage til grind der vegen kjem inn på Grønsennvegen.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Synnøve Onstad Hjelle
Stølsnaboar: Einang (S627), Koren (S602) og Bratvold (S650).